

Nord -og Midhordland sogelag. Org.nr.922 761 698

v/ Magnar Ottesen

Toskavegen 542

5936 Manger

Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 Manger

Søknad om tilskot til framføring av vatn og bygging av toalett-Bogatunet.

Litt om bygningane.: Bogatunet ligg på Boga i Radøy kommune og vart bygd mellom 1565-1585. Her ligg tømra eldhus, røykstove, bu og loft etter kvarandre under same tak. Dei samanbygde husa som utgjer langhuset, er restar av ei byggjeskikk med røter tilbake til jernalderen. På alle sider kring desse tømmerhusa var det tidlegare svaler eller vernemurar, noko som saman med torvtaket gav god isolasjon. Svalene vart fjerna på 1800 talet då det vart sett inn vindauge i tømmerveggane. I 1818 vart det bygd glasstove på austsida. I 1735 vart det bygd loft oppå bua. Dette loftet vart rive i 1905, men rekonstruert i 1920 då Nord-og Midhordland sogelag tok over bygningane. I 2004 vart det gjort undersøkingar som viste at loftet hadde vore høgare enn 1920-rekonstruksjonen og det vart difor, i samband med rehabilitering, bygd om slik det står i dag. I stova er det godt bevarte dekorasjonar på tømmerveggane. Krit, vatn og kalk vart blanda saman og måla på tømmerveggane i samband med høgtid og fest. Kroting, som denne dekorasjonsmetoden vert kalla, er ein tradisjon frå mellomalderen og er svært sjeldan å sjå i våre dagar.

Bygningane innheld og mange eldre gjenstandar.

Bogatunet er verna kulturminne (2006).

Bruken av Bogatunet.: Bruken av Bogatunet skjer i samarbeid mellom Radøy kommune og Radøy sogelag. I sumar har det vore ope tun kvar sundag i juli og første sundag i august. Andre sundag i august vart det arrangert ein godt besøkt marknads/landbruksdag. I tillegg til dette har det vore vitjing av studentar frå arkitektshøgskulen samt besøk av mindre grupper. Kvar haust vert Bogatunet nytta av ein barneskule som «bur» og arbeider der nokre dagar.

Det er eit mål for Nord-og Midhordland sogelag at fleire skal koma og vitja Bogatunet., og i samband med det tykkjer vi det er viktig å tilby tilfredstillande sanitær tilhøve.

Vatn og toalett: Det er ikkje innlagt vatn på Bogatunet, og toalett tilhøva er dårlege (kaggedo). Styret i Nord-og Midhordland sogelag har sett i gong eit arbeid med å betra desse tilhøva. Det vi har

utreda er ei vatn tilknytning til brønn på Gnr 53, bnr. 5,(avtale underskriven), og bygging av toalettrom i løa med avrenning til renseanlegg.

Som vedlagte kostnadsoversyn viser, så er dette ei stor investering, og vi ber difor Radøy kommune om **kr 350 000** i økonomisk stønad til å realisera dette prosjektet.

Manger,21.august 2019

For Nord-og Midhordland sogelag

Magnar Ottesen

-Leiar-

Vedlegg: Kostnadsoversyn

Notat frå Nils Georg Brekke